

Årsrapport 2023

USHT Vestland (Sogn og Fjordane)

1.0 Innleiing	3
2.0 USHT sitt samfunnsoppdrag	4
2.1 Målgruppe	4
2.2 Satsingsområde	4
2.3 Metodar brukt for å løyse samfunnsoppdraget	5
2.4 Finansiering	5
3.0 Organisering og samarbeid	6
3.1 Tilsette	6
3.2 Samarbeid og lokal forankring	7
4.0 Rapportering ut frå satsingsområda for 2023	8
4.1 Kvalitetsreforma Leve heile livet	8
4.2 Demensplan 2025	9
4.3 Kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming	10
4.4 Velferdsteknologi, pasienttryggleik og kvalitetsforbetring	10
Prosjekt / aktivitet i 2023 (tabell)	12

1.0 Innleiing

Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester (USHT) er ei nasjonal satsing, og har sidan 2011 vore eit av verkemidla for å realisere måla i sentrale nasjonale styringsdokument. I perioden 2019 til 2023 er utviklingssentera ein del av det regionale støtteapparatet for Meld.St.15 Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre.

Sunnfjord kommune er vertskommune for USHT Vestland (Sogn og Fjordane). Forankring og støtte i vertskommunen, kompetansen i USHT og eit godt samarbeid med praksisfeltet, utdannings- og forskingsinstitusjonar, er viktige føresetnader for å lukkast i rolla som pådrivar for kvaliteten i helse- og omsorgstenestene i kommunane i Sogn og Fjordane-regionen. Arbeidet tilpassar seg lokale behov og variasjonar, bygger på eksisterande kunnskapsarbeid, ny kunnskap, forskning og nasjonale føringar.

Helsedirektoratet delfinansierer sentera og gir årlege føringar for USHT sin aktivitet. Dei nasjonale innsatsområda for 2023 er:

- Kvalitetsreforma Leve heile livet
 - Lindrande behandling og omsorg
 - Pårørandestrategien
 - Ernæringsstrategien
- Demensplan 2025
- Kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming

Pasienttryggleik, kvalitetsforbetring og velferdsteknologi vil bli sett i samanheng med satsingsområda.

Vi har i tillegg ei viktig rolle i å synleggjere samanhengar i nasjonale føringar, og gjere lokale tilpassingar med utgangspunkt i den enkelte kommune/teneste sine behov. Organisering og val av metodar/arbeidsmåtar er forankra i samfunnsoppdraget.

Årsrapport 2023 presenterer samfunnsoppdraget og samarbeidspartar, og gir ei oversikt over aktivitetar, deltaking og eventuelle omprioriteringar for kvart av innsatsområda.

Vår visjon - Utvikling gjennom kunnskap!

2.0 USHT sitt samfunnsoppdrag

Det overordna samfunnsoppdraget gitt til USHT av Helsedirektoratet er å bidra til å styrke kvaliteten i helse- og omsorgstenestene gjennom fag- og kompetanseutvikling og spreiring av ny kunnskap, nye løysingar og nasjonale føringar.

USHT skal vere ein ressurs for kommunane i regionen og bidra til fag- og tenesteutvikling innanfor satsingsområda, fremje samarbeid og legge til rette for deltaking.

2.1 Målgruppe

Målgruppa til USHT er leiarar og tilsette i dei kommunale helse- og omsorgstenestene, først og fremst i sjukeheim og heimebaserte tenester. Utviklingssentera skal ha eit bredt fagleg perspektiv og inkludere tenester til personar både med somatiske og psykiske sjukdommar, rusavhengigheit og utviklingshemming.

2.2 Satsingsområde

Utviklingssentera skal bidra til at dei kommunale helse- og omsorgstenestene fornyar og forbetrar seg innanfor følgande satsingsområde:

Utvikling i samarbeid med pasientar, brukarar og pårørande

Tenestetilbodet skal utviklast saman med pasientar, brukarar og pårørande. Det inneber at kommunane må aktivt innhente pasient/brukar og pårørande sine synspunkt når tilbodet til den enkelte blir utforma, og involvere dei i forbetningsarbeid på teneste- og systemnivå.

Fagleg omstilling i tenestene

Utvikle tenestene gjennom fagleg omstilling, kompetanseutvikling og implementering av nye arbeidsmetodar og organisasjonsformer.

Den nye heimebaserte tenesta

Utvikling av meir omfattande og avanserte heimebaserte tenester, som møter behova til brukarar med komplekse helsefaglege utfordringar og omfattande psykososiale behov.

Fornyng og innovasjon

Kvalitet i tenestene vil i framtida krevje at kommunane tar i bruk ny kunnskap og nye løysingar. Lokalt innovasjonsarbeid kan skje i samarbeid mellom kommunar, helseføretak, fagfolk, tenestemottakarar, kunnskaps- og forskingsmiljø, organisasjonar og/eller næringslivet.

2.3 Metodar brukt for å løyse samfunnsoppdraget

For å løyse samfunnsoppdraget skal USHT:

- Tilby råd og rettleiing, metodar og verktøy i fagutviklings- og forbetningsarbeid
- Legge til rette for samarbeid og kunnskapsdeling mellom kommunane gjennom nettverk og ulike møtepunkt for leiarar og tilsette
- Bidra til spreiring av ny kunnskap og utvikling av kunnskapsbasert praksis
- Bidra til innovasjon og nye løysingar, og implementering av desse
- Medverke og legge til rette for forskning som er praksisnær og relevant for dei kommunale helse- og omsorgstenestene

Sjå kapittel 4.0 Rapportering.

2.4 Finansiering

Utviklingssentera blir finansiert gjennom årlege tilskot frå Helsedirektoratet. Tilskotsramma er gitt i Statsbudsjettet, som i 2023 var kr 2 580 280.

Vertskommunen har krav om medfinansiering, og i 2023 bidreg Sunnfjord kommune med om lag 1,5 årsverk og kostnader til administrasjon/lokale m.m.

USHT Vestland (Sogn og Fjordane) har i tillegg søkt tilskotsmidlar til prosjekt/utviklingsarbeid frå Statsforvaltaren i Vestland og Helsedirektoratet, og har ekstern finansiering knytt til deltaking i forskingssamarbeid. Oversikt 2023:

Tilskotsordning	Verksemd	Beløp	Omtale
Demensplan 2025 – Fagutvikling og kompetansehevande tiltak	Helsedirektoratet	260 000	Systematisk oppfølging av personar ramma av demenssjukdom i Sogn og Fjordane. Utbetalt i 2022, overført og brukt i 2023
Heilskapleg støtte til pårørande med krevjande omsorgsoppgåver	Helsedirektoratet	220 000	Inngår i arbeidet med systematisk oppfølging av personar ramma av demenssjukdom. Utbetalt i 2022, overført til og brukt i 2023
Kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot	Statsforvaltaren i Vestland	155 000	Leve heile livet-reforma, til læringsnettverk demens og KlinObsKommune. Tildelt i 2022, overført til 2023. Restbeløp kr 30 439 til bruk i 2024.
Tilskot til levekårstiltak for personar med funksjonsnedsetting	Bufdir	439 698	Fagnettverk for tilsette i tenesta til personar med utviklingshemming i Vestland (2022-2024). Totalsum kr 2 208 000. USHT Vestland (Hordaland), Bergen kommune, er prosjekteigar. Blir fakturert etter avtale
Samarbeid i forskingsprosjektet «Knowlegde to action»	SOFvest/HVL	246 308	Pasientoverføringar og bruk av akutt-tenester i sjukeheim. Midlar til om lag 5% stilling i tre år. (Fond, til bruk i 2024)
Tiltak for å auke kompetansen i helse- og omsorgstenesta til personar med utviklingshemming	Helsedirektoratet	50 000	Praksisnær veiledning for økt beslutningsstøtte til personer med utviklingshemming. Samarbeidsprosjekt USHT-ane i vest og SOFV. USHT Rogaland, Stavanger kommune, er prosjekteigar. Tildelt totalt kr 600 000

3.0 Organisering og samarbeid

Sunnfjord kommune er vertskommune for USHT Vestland (Sogn og Fjordane). Vertskommunen bidreg med finansiering og er ansvarleg for utviklingssentera si måloppnåing. Utviklingssenteret er lagt direkte under kommunedirektøren i stabseininga Fagutvikling, og kommunalsjef for omsorg har det overordna ansvaret.

3.1 Tilsette

Namn	Stilling	Fagbakgrunn	Kontaktinformasjon
Marta Strandos	Leiar USHT	Sjukepleiar. Master i organisasjon og leiing.	Marta.Strandos@sunnfjord.kommune.no Tlf: 41 52 64 16
Berit Ullebust	Utviklings- og kreftkoordinator	Kreftsjukepleiar. Master i kunnskapsbasert praksis.	Berit.Helen.Ullebust@sunnfjord.kommune.no Tlf: 94 82 42 54
Liselotte Norman	Utviklingskoordinator	Psykiatrisk sjukepleiar.	Liselotte.Norman@sunnfjord.kommune.no Tlf: 57 61 26 80
Anne Marte Sølsnes	Utviklingskoordinator	Fysioterapeut. Master i helse og sosialfag.	anne.marte.solsnes@sunnfjord.kommune.no Tlf: 97 12 14 21
Toril Marie Terum	Utviklingskoordinator	Sjukepleiar. PhD.	Toril.marie.terum@sunnfjord.kommune.no Tlf: 99 61 05 34
John Eirik Anfinsen	Kommunikasjons- rådgjevar	Master i medievitenskap.	John.eirik.anfinsen@sunnfjord.kommune.no Tlf: 40 01 93 87

3.2 Samarbeid og lokal forankring

USHT Vestland (Sogn og Fjordane) er godt forankra i vertskommunen, og fram til 2022 har vi hatt årlege møte med fag- og samarbeidsrådet. Rådet har vore samansett av representantar frå lokale og regionale samarbeidspartar. Etter ei samla vurdering har vi no valt å avvike fag- og samarbeidsrådet. Vi erfarer at USHT møter samarbeidspartane i andre fora, og særleg gjennom det utvida regionale støtteapparatet i Leve heile livet. Samstundes er medverknad og dialog med kommunane i Sogn og Fjordane heilt sentralt for å få innsikt i deira behov og kunne tilpasse USHT sin aktivitet etter det. Vi sikrar det betre gjennom andre møtepunkt, og i 2023 har vi hatt den årlege fagdagen med kommunalsjef helse og omsorg, gjennomført kommunevise dialogmøter (fysiske møter i kommunane) og deltatt i kommunalsjefsnettverk (KS) etter behov. Det tette samarbeidet med interkommunal samhandlingskoordinator er eit viktig bindeledd mellom USHT og Sogn og Fjordane Helsefellesskap, Brukarutvalet i Sogn og Fjordane og Helse Førde ved samhandlingssjef.

USHT skal samarbeide med Helsedirektoratet, Statsforvaltaren, Senter for omsorgsforskning og andre utviklingssenter.

Utviklingssenteret har god dialog med Statsforvaltaren i Vestland. Sidan 2019 har vi hatt tett samarbeid i det regionale støtteapparatet for Leve heile livet. Statsforvaltaren inviterer utviklingssentera til eigne dialogmøte. Dette gjer at vi kan samordne aktivitetar, samarbeide om fagkompetanse og drøfte strategiske prioriteringar.

Samarbeidet med Senter for omsorgsforskning Vest (SOFV) er prega av kontinuitet og god oppfølging. I tillegg til faste møtepunkt som styringsgruppe- og partnerskapsmøte, tek partane kontakt ved behov. I 2023 har vi særleg samarbeidd om kompetanseløpet pUSH iT, forskingsprosjektet «From Knowledge to Action», kvalitet i tenestene til personar med utviklingshemming og kvalitetsreforma Leve heile livet. Den årlege regionale nettverkssamlinga til SOFV og utviklingssentera i vest vart i 2023 koplå med satsinga på kompetanseløpet pUSH iT, som er utvikla i tett samarbeid med USHT Viken (Buskerud). Målet er å gje dei tilsette i USHT auka kunnskap om implementering og rettleiing i komplekse system, og gje deltakarane kunnskap og ferdigheiter som gjer dei betre i stand til å jobbe systematisk i å støtte kommunar i implementering av kunnskapsbasert praksis. Eigen rapport og fagartikkel om dette er planlagt i 2024.

Samarbeid med Helsedirektoratet og dei andre utviklingssentera i landet er viktig for at USHT kan vere ein pådrivar for kunnskapsbasert praksis og for fag- og tenesteutvikling i kommunane våre. Vi prioriterer Helsedirektoratet sine møter/samlingar med utviklingssentera, er etter førespurnad med i arbeidsgruppe for revisjon av Trygghetsstandard i sykehjem, har ulike faglege samarbeid med andre utviklingssenter og samarbeid på leiarnivå. Særskilt vil vi trekke fram det mangeårige samarbeidet mellom utviklingssentera i vest på leiarnivå, samarbeid om tilbod til kommunane, dele erfaringar og utvikle rolla som prosessrettleiarar.

4.0 Rapportering ut frå satsingsområda for 2023

USHT Vestland (Sogn og Fjordane) legg til rette for kunnskaps- og erfaringsdeling gjennom etablerte nettverk og samarbeidsarena i vår region. For 2023 vil vi særskilt trekke fram arbeidet med Leve heile livet, læringsnettverket Systematisk oppfølging av heimebuande personar med demens og deira pårørande og Fagnettverket for tilsette i tenestene til personar med utviklingshemming (CRPD-nettverk Vestland). Vår kjennskap til kommunane, og det nære samarbeidet med andre aktørar i vår region, gjer det mogeleg å kople kommunar og vere eit bindeledd mellom fagmiljø. Dialogen vår med kommunalsjefar for helse og omsorg har høg prioritet, og innspel frå dei er viktige. I samråd med kommunalsjefane har USHT i 2023 prioritert å støtte og rettleie kommunane i arbeid med implemetentering og tenesteutvikling, mellom anna knytt Nettverk for leiing og kvalitetsarbeid i sjukeheim.

Rettleiing og opplæring i metodar og verktøy i fagutviklings-, forbetnings- og implementeringsarbeid skjer i stor grad gjennom våre aktivitetar, og ved at tilsette/leiarar tek kontakt for råd og rettleiing. USHT ser det som viktig å ha metodekompetanse slik at vi kan vere fleksible og tilpasse fasilitatorrolla etter kommunane sine behov. USHT Vestland (Sogn og Fjordane) har med bakgrunn i dette i 2023 arbeidd konkret med å styrke eigen implementering- og fasiliteringskompetanse gjennom kompetanseløpet pUSH-iT, interne arbeidsseminar og kollegarettleiing.

Å sikre bærekraftige tenester framover, krev nye arbeidsmetodar. USHT sin mangeårige erfaring og kompetanse innan velferdsteknologi er vidareført i samarbeidet med Digi Vestland og KS sine nettverkskoordinatorar for velferdsteknologi i Vestland. Utviklingssenteret prioriterer arbeid med kompetanse og å synleggjere velferdsteknologi som ein del av tenestetilbodet innanfor dei ulike satsingsområda. I 2021 tilsette vi ein trainee innan strategisk kommunikasjon, delt mellom USHT og E-helse Vestland. Dette er ein kompetanse/ressurs som òg blir nytta i det nasjonale samarbeidet (Kommunikasjonsforum) og det regionale samarbeidet i vest. Grunna ressursituasjonen til USHT, måtte engasjementet avsluttast i 2023.

USHT bidreg til spreiding av ny kunnskap, nasjonale rettleiarar og retningslinje, og i utvikling av kunnskapsbasert praksis gjennom møta med kommunane og aktivitetane vi tilbyr. Her kan vi særskilt nemne fagnettverk og læringsnettverk, fagdagar, kurs og konferansar. Bruarkunnskap og brukarmedverknad er ein viktig dimensjon i kunnskapsbasert praksis som særskilt blir løfta fram i møter med kommunane og i konkrete prosjekt og utviklingsarbeid.

I forskingsprosjekt spenner rolla til USHT seg frå å vere ein aktiv samarbeidspart til å legge til rette for datainnsamling og etablere arena for ide- og erfaringsdeling. USHT har tilsett ein medarbeidar med forskingskompetanse/phd, og deltek i ulike forskingssamarbeid med Helse Førde, HVL campus Førde og Senter for omsorgsforskning. I 2023 vil vi særleg trekke fram samarbeidet med Senter for omsorgsforskning Vest omkring prosjekta Beslutningsstøtte til personar med utviklingshemming og «Knowledge to action».

4.1 Kvalitetsreforma Leve heile livet

USHT er ein del av det regionale støtteapparatet i Vestland saman med Statsforvaltaren og KS. Statsforvaltaren koordinerer arbeidet. Kommunane sine behov er førande for våre aktivitetar, og dialogmøta som støtteapparatet har med kommunane er nyttige møteplassar for å dele informasjon, drøfte utfordringar, synleggjere samanhengar og ressursar, og avtale eventuell vidare oppfølging. Etter ynskje frå kommunalsjefane i vår region, har USHT i 2023

reist ut til kommunane der vi møter leiarar/ressurspersonar. Føremålet med møta er å gjere utviklingscenteret kjent, og diskutere behov for prosessrettleggning med utgangspunkt i kommunane sine planlagde / pågåande forbetningsarbeid. Møta gir eit godt grunnlag for USHT si særskilte oppgåve i å tilby kommunane råd og rettleiing i metodar og verktøy i gjennomføringsfasen. Vi legg elles vekt på å synleggjere samanhengar og dra parallellar mellom nasjonale satsingar og ulike prosjekt/utviklingsarbeid.

Bemanningsutfordringane i helse- og omsorgstenestene har stor merksemd i kommunane, og mange tek kontakt for å drøfte problemstillingar rundt rekruttering, kompetanse, ansvar- og oppgåvedeling, og arbeidstidsordningar. USHT innhentar erfaringar og kunnskap på området, og inviterte til ein inspirasjonsdag med KS om TØRN-prosjektet. Vi forventar at dette blir eit prioritert område framover.

USHT har i samarbeid med Ressursnettverket i lindrande behandling og kreftomsorg pilotert eit fagleg opplegg med vekt på kompetanseheving innan grunnleggjande palliasjon og etisk refleksjon for tilsette i sjukeheim. Vi hadde planar om å spreie opplegget til andre sjukeheimar, men fekk ikkje innvilga søknad på tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet. I 2024 planlegg USHT ei større satsing på etikk, og innan palliasjon prioriterer vi tilbod om kompetanseheving og oppfølging av mentorar innan lindrande behandling og spreining av digital opplæringspakke. Oppfølging av mentorar skjer i regi av USHT, og er eit arbeid vi ynskjer å styrke i 2024, i tett samarbeid med Nettverk for ressursjukepleiarar i lindrande behandling og kreftomsorg i Helse Førde.

USHT fekk i 2022 tildelt midlar frå Helsedirektoratet til prosjektet «Å forstå, støtte og avlaste pårørande til personar med demens». Prosjektet inngår som er som eit ledd i ei pågåande satsing ved USHT med fokus på heilskapleg tenesteforløp og systematisk oppfølging av familiar ramma av demenssjukdom. Målet er å bidra til at kommunane ser, anerkjenner og støttar pårørande til personar med demens som bur heime. Fokuset på pårørande og arbeidet med å gjere Pårørendestrategien kjent, har òg vore tema i ulike møtepunkt med kommunane, på tvers av fagområde og brukargruppe.

4.2 Demensplan 2025

USHT skal bidra til at kommunane planlegg og gjennomfører sine tenester i tråd med mål, satsingsområde og tiltak i Demensplan 2025. Personsentrert omsorg, heilskapleg tenestetilbod og kompetanse har vore prioriterte områder for oss i 2023. Både dialogmøta med kommunane i Leve heile livet, og møtepunktta mellom USHT Vestland (Sogn og Fjordane) og kommunane, har vore gode arena for å rette fokus på nasjonal fagleg retningslinje om demens, veiviser demens og demenskartet, og samstundes knytte det til våre tilbod om opplæring og rettleiing. I 2023 har vi hatt særleg fokus på heilskapleg tenesteforløp og systematisk oppfølging av personar ramma av demenssjukdom, i læringsnettverket Systematisk oppfølging av heimebuande personar med demens og deira pårørande.

USHT tilbyr i tillegg kompetanseheving via Demensomsorgas ABC og opplæring i metodane VIPS og TID, og bidrar til spreining av kunnskap om demens i ulike utval, lag og organisasjonar. Saman med Aldring og Helse arrangerte USHT hausten 2023 kurs i basal utgreiing av kognitiv svikt og demens.

4.3 Kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming

2021 kom det ein ny nasjonal rettleiar «Gode helse- og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming». USHT Vestland (Sogn og Fjordane) og USHT Vestland (Hordaland) har fått tildelt midlar frå Bufdir og Helsedirektoratet for å etablere eit nettverk for fagpersonar som har eit overordna ansvar for fagutvikling i tenestene til personar med utviklingshemming. Fagnettverket starta opp hausten 2022 og skal gå over ein periode på to år, fram til våren 2024. Målet er å støtte tilsette i kommunane i arbeidet med å omsette rettleiaren frå ord til handling, samt å bidra til erfaringsdeling og nettverksbygging på tvers av kommunane.

USHT har i tillegg bidratt til kompetanseheving blant tilsette i tenestene til personar med utviklingshemming gjennom Mitt Livs ABC, og gjennom eit felles FOU-prosjekt der målet er å styrke kompetanse på beslutningsstøtte hos tilsette som jobbar med personar med utviklingshemming. USHT arrangerte òg, i samarbeid med Nasjonalt senter for Aldring og Helse, VIPS basiskurs for tilsette i tenestene til personar med utviklingshemming.

4.4 Velferdsteknologi, pasienttryggleik og kvalitetsforbetring

Velferdsteknologi, pasienttryggleik og kvalitetsforbetring er overbyggande tema som vi ser i samanheng med øvrige satsingsområde for 2023. USHT tilbyr mellom anna kommunane støtte og rettleiing i systematisk kvalitetsarbeid, i tråd med «Nasjonalt handlingsplan for pasientsikkerhet og kvalitetsforbedring» og «Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse og omsorgssektoren». Som eit ledd i dette arbeidet har vi starta opp Nettverk for leiing og kvalitetsarbeid i sjukeheim. Tema på samlingane blir valt i samråd med leiarane. Vi har fokus på å bli kjent med og ta i bruk «Trygghetsstandard i sykehjem», som er eit digitalt leiarverktøy som skal støtte sjukeheimsleiarar med kontinuerleg kvalitetsarbeid.

Utviklingssenteret held fram med tilbod om Velferdsteknologiens ABC. Vi gjer det i samarbeid med dei andre USHT-ane i vest, Digi Vestland og KS nettverkskoordinatorar. Vi er i kontinuerleg dialog/vurdering om USHT skal halde fram med det, eller om det er naturleg at andre regionale ressursar følgjer opp kommunane på dette området. Sentralt for USHT er å synleggjere velferdsteknologi/digitale løysingar som ein del av tenestetilbodet innanfor dei ulike satsingsområda, og å rettleie kommunane på prosess/metode ilag med samarbeidspartane våre.

Polyfon er ei kunnskapsklynge for musikkterapi ved Griegakademiet, UiB. USHT har medlemskap i Polyfon gjennom partssamarbeidet i Vestland med Helse Førde, Vestland fylkeskommune og Kinn kommune. Partssamarbeidet diskuterer utfordringar og prioriteringar fortløpande, og fordeler ansvar og rolle opp mot samarbeid/styringsstruktur i klynga. I 2023 vil vi særleg trekke fram samarbeidet omkring ein fagdag om musikk og helse, og korleis vi kan jobbe med musikk som helsefremjande tiltak i kommunane. Fagdagen vart arrangert saman med Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi, Vestland fylkeskommune, Helse Førde og Kinn kommune.

Helsedirektoratet oppfordrar elles utviklingssentera til å ta på seg rolla som leverandør for ABC-opplæringa. USHT Vestland (Sogn og Fjordane) tilbyr alle permanente i ABC-opplæringa.

I tabellen under rapporterer vi på aktivitetar knytt opp prosjekt / aktivitet.

Prosjekt / aktivitet	Rapportering 2023
<p>Leve heile livet - del av regionalt støtteapparat i Vestland</p>	<p>USHT har vore ein del av det regionale støtteapparatet i Vestland saman med Statsforvaltaren og KS. Statsforvaltaren koordinerer arbeidet og har ansvar for gjennomføringsplan og den samla rapporteringa.</p> <p>Aktivitetar i det regionale støtteapparatet i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Møter i det regionale støtteapparatet ▪ «Leve heile livet – Bu trygt heime» konferanse 4.-5. oktober (Vestland) ▪ Nyhendebrev (2) ▪ Oppdatert oversikt over nettverk i vår region <p>USHT sin eigen aktivitet i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Kommunebesøk til 6 kommunar (2022-2023), med fokus på deira behov for prosessretteleing på fagområde som ligg inn under USHT ▪ Heldt workshop, deltatt på leiarmøte etter førespurnad frå kommunar. Tema: ny oppgåvedeling/organisering (2 kommunar) ▪ Har hatt eit særskilt fokus på områda lindrande behandling og omsorg, ernærings- og pårørandestrategiane i eksisterande aktivitetar, og i møte med kommunane ▪ Nyttta USHT sin metodekompetanse i møte/workshop, lagt til rette for erfaringsdeling, informert om tilskotsordningar og tilbydd rettleiing i søknadsprosess ▪ Erfaringsdeling regionale støtteapparat i regi av Helsedirektoratet (digitalt)
<p>Ansvar- og oppgåvefordeling ved omsorgssentera i Sunnfjord kommune.</p>	<p>USHT gjennomførte i 2022 ei kartlegging knytt til ansvar- og oppgåvefordeling mellom faggrupper ved omsorgssentera i Sunnfjord kommune. Funna frå kartlegginga vart presentert i ein rapport, og arbeidet er tatt vidare i einingane. USHT støttar leiarane i dette arbeidet. Sunnfjord kommune deltek frå 2024 i to av Tørn sine læringsnettverk der USHT er med i prosjektgruppe og gir rettleiing i samarbeid med Tørn Kommune(KS).</p> <p>Erfaringar frå Sunnfjord kommune og kunnskap gjennom Tørn-prosjektet i KS blir delt med andre kommunar i Sogn og Fjordane, særskilt via nettverket for leiing og kvalitetsarbeid i sjukeheim (sjå under).</p>

Prosjekt / aktivitet	Rapportering 2023
<p>Samarbeid med interkommunal samhandlingskoordinator</p>	<p>USHT samarbeider tett med interkommunal samhandlingskoordinator knytt til lokalt utviklingsarbeid. I tillegg til Leve heile livet har vi i 2024 hatt særskilt fokus på:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Å synleggjere samanhengar i nasjonale føringar ▪ Dra parallellar i samhandlingsprosjekt mellom spesialisthelsetenesta, kommunane og USHT sine satsingsområde ▪ Bistå med oppfølging av arbeidet frå læringsnettverket Gode pasientforløp inn i helsefellesskapet ▪ Dialogmøte med samhandlingskoordinator og samhandlingssjef Helse Førde for gjensidig informasjon og samordning av aktivitetar mellom USHT og Sogn og Fjordane Helsefellesskap ▪ Innspel til program og delta på Erfaringskonferanse for somatiske avdelingar i 2023
<p>Nettverk for leiing og kvalitetsarbeid i sjukeheim</p>	<p>USHT starta i 2023 opp Nettverk for leiing og kvalitetsarbeid for sjukeheimsleiarar og aktuelle ressurspersonar. Deltakarane blir gjennom nettverket mellom anna bli kjent med «Trygghetsstandard i sykehjem», eit digitalt verktøy som skal støtte sjukeheimsleiarar i organisering og systematisk oppfølging av kvalitetsarbeid. Vi har elles tilbod kommunane rettleiing, og lagt til rette for erfarings- og kompetansedeling, refleksjon og forbetningsarbeid, med utgangspunkt i kommunane sine behov.</p> <p>Aktivitetar i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Arrangert regionsvise nettverkssamlingar (i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn), vår og haust Arrangert temadag med KS om TØRN-prosjektet Arbeid internt med innhaldet i tryggleiksstandarden og identifisert mogelege samordningar med andre tilbod/behov ▪ Informert om tryggleiksstandarden i møte med kommunane

Prosjekt / aktivitet	Rapportering 2023
Fagnettverk innan eldremedisin/eldreomsorg	<p>Fagnettverk innan eldremedisin/eldreomsorg er vidareført i 2023. Overordna tema 2022-2024 er observasjonskompetanse, og vi har i 2023 arrangert to fagdagar.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Arrangert ein fagdag med fokus på tidleg oppdaging av gradvis funksjonssvikt hos eldre (fysisk samling våren 2023). ▪ Arrangert ei digital samling med fokus på observasjon i den palliative fasen hos eldre (hausten 2023). <p>I tillegg har vi etablert ei driftsgruppe i tråd med nytt mandat. Mandatet er behandla i Sogn og Fjordane Helsefellesskap. Vi har kalla inn til driftsgruppemøte i januar 2024, og er i dialog med brukarutvalet. Målet er å i 2024 få på plass ein ny to-årsplan (2025-2027).</p>
Klinisk observasjonskompetanse	<p>USHT tilbyr kompetanseheving i klinisk observasjonskompetanse etter modellen KlinObsKommune.</p> <p>Aktivitetar i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ USHT har arrangert tre regionsvise samlingar (Sunnfjord og Nordfjord) for ressurspersonar etter trinn 1 og 3 i modellen KlinObsKommune. Det var 36 deltakarar frå kommunane. Alle samlingane var fysiske. ▪ Invitert til digital samling for ressurspersonar/leiarar for å bistå med vedlikehald og erfaringsdeling. <p>I KlinObsKommune rettleiar ein lokale ressurspersonar etter opplegget «train the trainer», og på samlingane kombinerer ein teoretisk innføring og praktisk øving på vitale målingar, ABCDE prinsippa og verktøy for å vurdere risiko og formidling av observasjonar på ein systematisk måte.</p> <p>USHT bistår òg kommunar med vedlikehald av tileigna kompetanse.</p>

Prosjekt / aktivitet	Rapportering 2023
Lindrande behandling og etisk refleksjon	<p>USHT piloterte og evaluerte i 2021-2022 eit fagleg opplegg (sju samlingar) for helsepersonell ved ein sjukeheim med tema grunnleggjande palliasjon og systematisk etisk refleksjon. I 2023 søkte USHT saman med vår vertskommune på tilskotsmidlar frå Helse direktoratet, med fokus på spreiding til kommunar i vårt nedslagsfelt. I utviklingsarbeidet drar vi veksling på nettverket av ressursssjukepleiarar i lindrande behandling og kreftomsorg i Helse Førde, og samarbeider med KS omkring etisk refleksjon.</p> <p>Vi fekk ikkje tildelt midlar, og har i 2023 derfor sett på moglegheiter for kopling til USHT sitt samarbeid med KS rundt satsing på etisk kompetanseheving, arbeidet i det regionale støtteapparatet for Leve heile livet og i Nettverk for leiing og kvalitetsarbeid som ein metode i systematisk endrings-/forbetringsarbeid.</p> <p>Kommunane har eit kontinuerleg tilbod om opplæring av etikkveiledarar.</p> <p>Aktivitetar i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Fagdag for etikkrettleiarar i samarbeid med KS (fysisk samling) ▪ Kommunevise dialogmøte ▪ Støtta opp om KS sitt informasjonsarbeid, opplæring av etikkveiledarar og oppfølging av etikkarbeid i kommunane.
Digital opplæringspakke for helsefagarbeidarar i lindrande behandling og omsorg ved livets slutt	<p>USHT bidrar til spreiding av opplæringspakken, og i 2023 har 3 kommunar deltatt med til saman 26 helsefagarbeidarar. Mentoropplæring/- rettleiing skjer i regi av USHT, både individuelt etter behov og gjennom digitale fellesmøte. Vi vil styrke oppfølginga av mentorar framover, og gjer det i samarbeid med Nettverk for ressursssjukepleiarar i lindrande behandling og kreftomsorg i Helse Førde.</p>
Systematisk oppfølging av heimebuande personar med demens og deira pårørande	<p>Til saman 11 kommunar har deltatt i læringsnettverket Systematisk oppfølging av heimebuande personar med demens og deira pårørande i regi av USHT Vestland (Sogn og Fjordane). Målet er å bidra til at kommunane i Sogn og Fjordane-regionen etablerer rutinar som sikrar systematisk oppfølging av heimebuande personar med demens og deira pårørande.</p> <p>Aktivitetar i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Arrangert tre fysiske samlingar i læringsnettverket, derav ein i samarbeid med Vestland fylkeskommune, Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi, Helse Førde og Kinn kommune. ▪ Arrangert to digitale møtepunkt for erfaringsdeling, i tillegg til to individuelle rettleiingar for deltakande kommunar.

Prosjekt / aktivitet	Rapportering 2023
<p>Implementering av personsentrert omsorg</p>	<p>Tenestetilbodet til personar med demens skal bygge på prinsippa om personsentrert omsorg. USHT tilbyr kommunane i Sogn og Fjordane-region opplæring i metodane VIPS praksismodell og TID, og å vere ei støtte for ressurspersonar og leiarar i arbeid med implementering.</p> <p>Aktivitetar i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Gjennomført kurs i VIPS basiskurs praksismodell for to kommunar i Sogn og Fjordane-regionen (fysiske samlingar over to dagar) ▪ Rettleia og støtta leiarar og ressurspersonar i arbeid med implementering ▪ Invitere ressurspersonar og leiarar til erfaringsdeling for å bistå med implementering og vedlikehald ▪ Spreia kunnskap om demens og personsentrert omsorg til tilsette i helse- og omsorgstenestene, pårørande og i befolkninga på førespurnad.
<p>ABC opplæring</p>	<p>Som leverandør for ABC-opplæringa vil USHT følge opp underleverandøravtalar med Nasjonalt senter for aldring og helse.</p> <p>Aktivitetar 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Arrangert oppstartsseminar Demensomsorgas ABC, perm 1 (fysisk) ▪ Arrangert fagseminar 2, Mitt Livs ABC perm 2 (fysisk samling) ▪ Arrangert fagseminar Demensomsorgas ABC perm 2, fagseminar 1 (fysisk samling) ▪ Arrangert oppstartsseminar Demensomsorgas ABC perm 1 (fysisk samling) ▪ Arrangert oppstartsseminar Mitt Livs ABC perm 1(fysisk samling) ▪ Arrangert fagseminar 1 Mitt Livs ABC, perm 2 (fysisk samling) ▪ Arrangert oppstartsseminar Demensomsorgas ABC perm 1(fysisk samling) ▪ Arrangert oppstartsseminar Demensomsorgas ABC perm 1 (fysisk samling) ▪ Deltatt på ABC-dagane i regi av Nasjonalt senter for aldring og helse (fysisk samling) ▪ Arrangert dialogmøtet med kommunekontaktane (digitalt)

Prosjekt / aktivitetar	Rapportering 2023
<p>Gode pasientforløp</p>	<p>13 kommunar i Sogn og Fjordane-regionen har i perioden 2020-2022 deltatt på læringsnettverket «Gode pasientforløp» i regi av KS og Folkehelseinstituttet (FHI). USHT var lokal medarrangør og hadde ansvar for å rettleie dei kommunale teama. Læringsnettverket vart avslutta i 2022, men USHT har heldt tak i satsinga med fokus på forbetningsarbeidet i dei deltakande kommunane.</p> <p>Aktivitetar i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Oppfølgingssamling fysisk i januar (måling, evaluering, erfaringsdeling) ▪ Rettleiing / oppfølging av teama digitalt i september ▪ Evaluering og erfaringsdeling fysisk i november (saman med SINTEF, FHI, KS) <p>Interkommunal samhandlingskoordinator og samhandlingssjef i Helse Førde er orientert om forbetningsarbeida, og tek det som er relevant med inn i arbeidet i Sogn og Fjordane helsefelleskap.</p>
<p>Forskningsprosjekt: Knowlegde to action (K2A)</p>	<p>Forskningsprosjektet «Knowledge to action» (2022-2026) undersøker pasientoverføringar og bruk av akutt-tenester i sjukeheim, med fokus på korleis overføringane kan bli best mogeleg for pasientane.</p> <p>Prosjektet er finansiert med midlar frå Norsk forskingsråd, og består av til saman tre arbeidspakkar. USHT samarbeidar om arbeidspakke tre, om å utvikle ein modell for betre pasientoverføringar, fasilitering og utprøving av ein undervisningsmodul for tilsette på sjukeheim.</p> <p>Aktivitetar i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Deltatt på møte med prosjektleiar/-deltakarar, digitalt og fysisk (Bergen og Manitoba, Canada) ▪ Deltatt på møte med deltakande kommunar

Prosjekt / aktivitetar	Rapportering 2023
<p>Nettverk i Vestland for fagtilsette innan tenestene til personar med utviklingshemming (CRPD-nettverk)</p>	<p>CRPD-nettverket er eit fagnettverk til for tilsette som har eit overordna ansvar for fagutvikling i tenestene til personar med utviklingshemming, som vi tilbyr saman med USHT Vestland (Hordaland). 25 kommunar i Vestland deltar i fagnettverket, med til saman 75 deltakar. Målet er å bidra til å gjere kommunane kjend med og ta i bruk den nasjonale rettleiaren «Gode helse- og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming», og å bli kjent med grunnleggande rettigheter til personar med utviklingshemming.</p> <p>Fagnettverket har tett samarbeid med Statsforvalteren i Vestland, NFU, NAKU, og Senter for omsorgsforskning vest.</p> <p>Aktivitetar i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Arrangert 2 lunsj til lunsj nettverssamlingar i Bergen og Førde (samling 3 og 5) ▪ Arrangert 2 digital dagssamlingar (samling 4 og 6) ▪ Gjennomført tre digitale rettleiing for deltakande kommunar mellom samlingane ▪ Gjennomført to digital erfaringsdelingssamling for deltakande kommunar <p>KS arrangerer eit læringsnettverk (2022-2023) for kommunedirektøren si leiargruppe, linjeleiarar og fagpersonar knytt til personale og økonomi. USHT er observatør på samlingane, og gir innspel på fagleg innhald. USHT har ei observatørrolle i dette nettverket, deltatt på samlingane i 2023 og gitt innspel på fagleg innhald.</p>
<p>Felles FOU-prosjekt for å styrke kompetanse på beslutningsstøtte hos tilsette som jobbar med personar med utviklingshemming</p>	<p>Dei fire utviklingssentera i vest samarbeider med Senter for omsorgsforskning vest (SOFV) om eit felles FOU-prosjekt. Føremålet er å styrke kompetansen om beslutningsstøtte hos tilsette i tenestene til personar med utviklingshemming.</p> <p>Aktivitetar i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Arrangert to lunsj-til-lunsj samlingar i Bergen (fysiske samlingar) ▪ Gjennomført rettleiing mellom samlingane med deltakande einingar i Sogn og Fjordane-regionen ▪ Deltatt på møte i prosjektgruppa (digitalt) ▪ Deltatt i møte med forskingsgruppa, og starta analysearbeidet (digitalt) ▪ Søke eksterne tilskotsmidlar i lag med samarbeidspartar

Prosjekt / aktivitetar	Rapportering 2023
VIPS i tenestene til personar med utviklingshemming	<p>VIPS praksismodell (VPM) er en metode for å implementere personsentrert omsorg i kommunehelsetenesta. Metoden er utarbeida for bruk i demensomsorga, men metoden er òg egna til å implementere personsentrert omsorg i tenestene til personar med utviklingshemming.</p> <p>Aktivitetar i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Deltatt på møte med Aldring og Helse for å planlegge / tilpasse VIPS basiskurs til tenestene til personar med utviklingshemming (digitalt) ▪ Arrangert VIPS basiskurs i ein kommune saman (fysisk samling over 2 dagar)
Velferdsteknologi inn mot tenestene til personar med utviklingshemming	<p>USHT hadde planar om å utvikle digitale ressursar om velferdsteknologi inn mot tenestene til personar med utviklingshemming, nytta i arbeid med kompetansehevande tiltak i kommunane. I samarbeid med fleire USHT i vest og prosjektet E-helse Vestland, søkte vi eksterne tilskotsmidlar. Vi fekk ikkje tildelt midlar, og har ikkje kunne prioritere dette vidare.</p>
Velferdsteknologiens ABC	<p>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) tilbyr Velferdsteknologiens ABC, og vi samarbeider med Digi Vestland og KS sine nettverkskoordinatorar for velferdsteknologi i Vestland om det faglege innhaldet.</p> <p>Aktivitetar i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Arrangert tre regionale sluttseminar på våren (Sogndal, Førde og Nordfjordeid). 15 kommunar deltok, tilsaman 156 deltakarar ▪ Oppstartsseminar i Nordfjordregionen for 2 kommunar, 49 deltakarar (haust) ▪ Digitale møter med utviklingssentera på Vestlandet for å dele erfaringar, drøfte modellar og metodar
E-helse Vestland	<p>USHT held fram med å vere ein samarbeidspart i det regionale arbeidet med velferdsteknologi. E-helse Vestland (2020-2025) er eit samarbeidsprosjekt i Vestland, og Sunnfjord kommune er prosjekteigar. Frå 2023 er prosjektet ein del av Digi Vestland. USHT deltek i forankringsgruppe, og har eit særskilt fokus på kompetanseutvikling. Det er samstundes oppretta dialog og samarbeid med KS sine nettverkskoordinatorar i Vestland. Regionalt sikrar dette kontinuitet og vidareføring av kompetanse etter mangeårig arbeid med velferdsteknologi i Sogn og Fjordane.</p> <p>Prosjekt og aktivitetar er avhengig av ekstern finansiering.</p>

Prosjekt / aktivitetar	Rapportering 2023
Kommunikasjon/ digitalisering	<p>USHT har tilsett ein trainee innan «Strategisk kommunikasjon», som i august 2022 gjekk over i ei engasjementstilling. Ressursen blir delt mellom USHT og E-helse Vestland, og har i 2023 retta seg mot:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Strukturert og målretta strategi for drift av nettside og sosiale medier ▪ Fokus på engasjerande relevant innhald i opne kanalar ▪ Strategiske grep for å sikre at USHT sine tilbod, ressursar og kompetanse blir kjent i tenestene <p>Grunna ressursituasjonen til USHT, måtte engasjementet avsluttast i 2023</p>
Nettside for Personsentrert praksisutvikling	<p>Nettside for «Personsentrert praksisutvikling» (eng: Practice Development) vart lansert i september 2022. Målgruppa er tilsette i helse- og omsorgstenestene som har ansvar for å fasilitere endringsprosessar. USHT Vestland (Sogn og Fjordane) har leia arbeidet med nettressursen, og tek på seg ansvaret for vedlikehald og oppdatering av nettsida i samarbeid med ei redaksjonsgruppe.</p> <p>Aktivitetar i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ USHT nyttar metodar/verktøy i arbeid med fasilitering av endringsprosessar/kvalitetsarbeid, delt erfaringar og spreidd det til aktuelle
pUSH iT	<p>USHT Vestland (Sogn og Fjordane) har vidareført arbeidet med å styrke eigen implementering- og fasiliteringskompetanse. Dette gjer vi i 2023 gjennom kompetanseløpet pUSH iT, som er utvikla i tett samarbeid med USHT Viken (Buskerud) og Senter for omsorgsforskning øst og vest.</p> <p>Målet er å gje dei tilsette i USHT auka kunnskap om implementering og rettleiing i komplekse system, og gje deltakarane kunnskap og ferdigheiter som gjer dei betre i stand til å jobbe systematisk i å støtte kommunar i implementering av kunnskapsbasert praksis.</p> <p>Aktivitetar i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Deltatt på fire to-dagars pUSH-iT samlingar (fysiske samlingar) ▪ Gjennomført interne møte/dagsarbeidsseminar ▪ Vekentlege teams-møte internt i USHT Vestland (Sogn og Fjordane)



[USHT Vestland, Sogn og Fjordane | Facebook](#)

usht@sunnfjord.kommune.no
Marta Strandos (leiar), tlf. 41 52 64 16

[Utviklingscenter for sjukeheimar og heimetenester \(ushtsognogfjordane.no\)](http://ushtsognogfjordane.no)